



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 14.01.2016

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Granvin heradshus, Granvin

Til stades:

Eidfjord kommune: Varaordfører Aslak Læg Reid
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsordfører
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones
Odda kommune: Leiar av Utviklingskomiteen, Eivind Tokheim
Ullensvang herad: Varaordfører Kåre Grønsnes
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordfører
Rådmannsforum: Rådmann Siv Helle Prestegard
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og Konsulent Trude Rinaldo

Forfall:

Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug (og varaordfører Linda Haugland Jondahl)
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit

Inviterte:

Industrisymposiet 2016 v/ Jan-Anders Dam-Nielsen og Lage Thune Myrberget

Agenda:

09.00 – 11.30 Sakshandsaming
11.30 – 12.30 Lunsj
12.30 – 13.00 Orientering om Industrisymposiet 2016
13.00 – 15.00 Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Ingebjørg Winjum og Hans Petter Thorbjørnsen

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

HR-sak 01/16 Saker innmeldt ved starten av møtet

- Ullensvang: Blått ljøs for veteranbåtrute på Sørfjorden i 2016
- Ullensvang: Namneval for Fv.550 og Rv.13
- Ullensvang: Nav-kontora i distriktet
- Nyttårsoversyn
- Datoar for orientering i herads- og kommunestyra.
- Invitasjon til kongehuset
- Status merkevare Hardanger
- Arkivsituasjonen i Hardangerkommunane

HR-sak 02/16 Meldingar

Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering.

HR-sak 03/16 Drøftingar om endra kommunestruktur i Hardanger – Gjensidig informasjon
Kommunane informerte om status i arbeidet med kommunereforma. Granvin, Ulvik og Eidfjord har konkret framdrift i sitt arbeid. Ullensvang har også signalisert at heradet ønskjer å halda døra open til å verta ein del av dette samarbeidet.
Ullensvang skal gjennomføra innbyggjarhøyring ila januar.
Kvam, Jondal, Odda og Ullensvang har hatt samtalar på ordførarnivå.

HR-sak 04/16 Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2016
Plan for handsaming i Hardangerrådet.

Vedtak:

Hardangerrådet set frist for innsending av søknad om Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2016 til **fredag 26. februar 2016**
Kopi av søknad skal sendast til Hardangerrådet innan same frist.

Hardangerrådet handsamar prioritering av søknader i eige møte (evt. telefonmøte) innan onsdag 9. mars.

Hardangerrådet IKS oversender vedtak til Fylkesmannen i Hordaland innan **fredag 11. mars 2016**

HR-sak 05/16 Besøk til Hordalandsbenken – Stortinget Våren 2016.
Planlegging

Dato for besøk vert 5. april. Dette er same dag som det vert arrangert ein Vegkonferanse i Oslo. Evt. møte med LVK.

Tema i møte med Hordalandsbenken:

- Sentralisering av statlege tenester
- Tiltak for næringsutvikling i Hardanger
- Fokus på utvikling i næringane som viktige for Hardanger.
- Inntektssystemet for kommunane
- Sjukehusmeldinga.

Rådmennene kan delta på turen og ha eigen møteagenda.

Vedtak:

Rådsordførar gjer avtale om møte med Hordalandsbenken 5. april 2016.

HR-sak 06/16 Hardingtinget 2016 – Program / planlegging

Bright Samdal NVE og Fylkesmann Lars Sponheim vert med oss heile dagen.

Tema:

- Fylkesmannen: Inntektssystem for kommunane
- Fylkesmannen: Forventing til vedtak i kommunane innan 1. juli 2016
- Fylkesmannen: Forventing tilskotskotsordningar i landbruket
- NVE: Flom og rassikring
- NVE: Klimatilpasning i planarbeid
- NVE: Beredskap

Vedtak:

Administrasjonen utarbeider forslag til agenda og innkalling som vert godkjent av Rådsordførar før utsending.

HR-sak 07/16 Orienterings- og drøftingssaker

- Ullensvang: Blått ljøs for veteranbåtrute på Sørfjorden i 2016
Denne ruta er for 2016 flytta til Sognefjorden. Hardanger og Voss Museum og Ullensvang Næringsforum vil ikkje vidareføra ansvaret for denne drifta. Hardangerrådet IKS rettar ein henvendelse til selskapet som står bak MS Lindenes. Det må presiserast at det ikkje kan påreknast økonomisk støtte frå Hardangerrådet til ei slik drift.
- Ullensvang: Namneval for Fv.550 og Rv.13
Namnesaker for vegar som går gjennom fleire kommunar burde vore drøfta i fellesforum, t.d. Hardangerrådet før vedtak i den einiskilde kommune. Dette har ikkje vore gjort for desse vegane. Ullensvang herad vert oppmoda om å gjera henvendelse
- Ullensvang: Nedbemanning av Nav-kontora i distriktet
NAV-kontora nedbemannar sine kontor ved å ikkje rekruttera nye medarbeidarar ved naturleg avgang. Viktig for brukarar av NAV-tenester at ein finn NAV i lokalmiljøet. Ein må ha fokus på denne utviklinga og følgja opp signal om vidare reduksjon av NAV-kontor i Hardanger. Invitera Regionleiar i NAV til neste møte i Regionrådet.
- Ullensvang: Endring av tannhelsetenesta i regionen
Viser til informasjon under meldingar. Det er tidlegare sendt uttale frå Hardangerrådet i denne saka. Fokus må rettast mot fylkespolitikarane for å få snudd denne utviklinga. Det vert oppmoda om at Hardanger er tilstades i fylkestinget når denne saka skal handsamast i mars 2016.
- Ullensvang: Nasjonal turistveg – Satsingar i Hardanger
Grønnes orienterte om bakgrunn for at Fv 550 skulle koma med som ein del av Turistveg Hardanger.
- Ulvik: Ambulansesituasjonen
For ambulansetenesta i Kvam, Ulvik, Granvin, Eidfjord er det varsla endring. Kommunane er invitert til fellesmøte med Helse Bergen.
- Bortfall av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i regionen
Administrasjonen arbeider vidare med denne rapporten.
- Nyttårsoversyn
Ordførarane sørgjer for distribusjon av dette brevet internt i kvar kommune.
- Datoar for orientering i herads- og kommunestyra.
Datoar er fastsett for 5 av 7 kommunar.
- Invitasjon til kongehuset
Administrasjonen sender førespurnad om prosedyre knytta til offisielle besøk frå kongehuset.
- Status merkevare Hardanger
Orientering om møter med Branity om inspirasjonsrunde i Hardanger våren 2016.
- Arkivsituasjonen i Hardangerkommunane
Denne saka vert formidla vidare til Rådmannsforum.
- Fast post på sakliste til Regionrådsmøter.
Forslag frå Jostein Ljones at kvar kommune orienterer om viktige politiske saker i eigen kommune og aktuelle saker i Hordaland fylkeskommune.

Møteboka godkjent 14.01.2016.

Jon Larsgard
Rådsordfører

Ingebjørg Winjum
Rådsmedlem

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsmedlem